

SVEIO KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 22. januar 2019

Tid: kl. 18.00

Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Sakliste:

- 1/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 30.10.18
- 2/19 Orienteringar om selskap – Vestavind AS - bygdeblad for Sveio
- 3/19 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon - «Barnevernstenesta»
- 4/19 Kontrollutvalet si årsmelding 2018
- 5/19 Referat- og orienteringssaker 22.01.19

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 15.01.19

Olav Haugen
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(møte- og talerett)
Revisor	(møte- og talerett)
Rådmann	(invitert/kalla inn i sak 5/19)
Varamedlemmer	(til orientering)
Presse/publikum	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.01.19	01/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 30.10.18

Vedlegg: Protokoll frå møtet 30.10.18

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 30.10.18 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i Sveio kontrollutval 30.10.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 15.01.19

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **30. oktober 2018** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Heidi Selsås (A) og Torill Hagland (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	2. vara Haldis Rolvsnes Stueland (KrF) og 3. vara Svein Olaf Bua (H)
FØRFALL:	Hans Christian Andersen (FrP) og Gustav Eidsvåg (FrP)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte Bergen i sak 24 og 25/18 Revisor Lone Naustbakk, Hgsd i sak 26/18
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Økonomisjef Peter Olav Lura for rådmannen
ANDRE SOM MØTTE:	Dagleg leiar Ole Johannes Støle, SIM IKS i sak 23/18
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	I sak 28/18 var det ettersendt innkalling som nytt pkt. 35 - Haugaland Kraft AS

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 22/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 19.09.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 19.09.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 30.10.18:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.10.18:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 19.09.18 blir godkjent slik han føre.

SAK 23/18 ORIENTERINGAR OM KOMMUNALE SELSKAP – SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tek dagleg leiar si utgreiing om selskapet Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 30.10.18:

Dagleg leiar Ole Johannes Støle takka for invitasjonen og fortalte at han hadde berre vore eit år i stillinga.

Sidan selskapet blei etablert i 1990 har selskapet og bransjen endra seg svært mykje. No er det mykje meir fokus på å ta vare på ressursane gjennom gjenvinning av papir, plast, metall og v/kompostering. Årsresultatet i fjor var på nær 3 mill. kr, kor 89 mill. kr var inntekter. Dei har mellom anna opparbeida seg eit fond på 51 mill.kr, som dei no skal bruke til ulike miljøtiltak. Sal av jord gjekk sers bra. SIM opererer i eit krevjande landskap i dei sju kommunane med 61.000 innbyggjarar. Det er totalt 26.000 hushaldningsabonnentar, 12.000 slamabonnentar og 3300 m/heimekompostering. Det er sju miljøstasjonar og mykje transportlogistikk. Kompostdeponiet ligg på Svartasmåget, den nye omlastehallen ligg på Heiane og for energiutnytting blir mestavfallet køyrt til Bergen. Dei har 26 tilsette og ein lærling.

SIM innførte ny henteordning i april i år. Det skal no separerast ut plast og glas heime hos abonnentane. Innhenting av dunk/sekk er sett bort til selskapet NordRen. Dei har anbodet dei neste seks åra. Folk er mykje meir miljøbevisste i dag. Det har vore ein auke frå 30.000 besøkande (2009) til 80.000 besøkande (2017) ved miljøstasjonane. Retningslinene for tildeling frå miljøfondet er under utarbeiding. Dagleg leiar avslutta med å si at SIM skal i framtida vere med å bidra til at ein får ein enda meir sirkulær økonomi.

Utvalsleiar takka på vegne av utvalet for ei interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.10.18:

Sveio kontrollutval tek dagleg leiar si utgreiing om selskapet Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) IKS til orientering.

SAK 24/18 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SAKSFØREBUING OG VEDTAKSOPPFØLGING»

Sekretariatet si innstilling:

1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.
2. Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 5 tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 30.10.18:

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr gjekk gjennom problemstillingane i rapporten, om funn og vurderingar og deira tilrådingar til kommunen. Ho fann det veldig positivt at kommunen har etablert bruk av restanseliste. Mange kommunar dei har hatt revisjon i, har ikkje hatt det. Det er viktig med slik liste for å halde oversyn, ikkje bare for leiinga og dei folkevalde, men også for publikum.

Det som blei sakna var å setje frist/framdriftsplan (der det kunne vere relevant), etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar, å gjere restanselista meir lettare tilgjengeleg og å lage betre rutinar knytte til avvik som påverkar vedtaksoppfølginga.

Utvalsleiar hadde frykta at det hadde vore meir å finne, men viste til at Sveio er en liten kommune med kort avstand mellom rådmann og dei folkevalde. Økonomisjef meinte det alltid ville vere ting som kunne forbeistrast. Løysningane måtte også vurderast opp mot ressursbruken. Revisor gjorde merksam på at dei ikkje kunne vere for detaljert i tilrådingane, då det er rådmannen som skal komme med framlegg til forbetringar for sin kommune.

Utvalet uttrykte at dei var nøgd med å ha tatt ein gjennomgang innan dette temaet og dei hadde ingen merknader til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.10.18: og innstilling til kommunestyret:

1. *Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 5 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 25/18 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR 2019 - TINGING AV PROSJEKTMANDAT

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval ber Deloitte AS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." til neste møtet på nyåret 2019.

Handsaming i kontrollutvalet 30.10.18:

Utvalsleiar innleia. Han viste til dei prioriterte prosjekta i vedtatt plan eller alternativt kunne utvalet velje eit nytt område/tema utanfor planen. Han gjorde framlegg å følge prioriteringslista og da velje prosjekt nr 3, som gjeld barnevern.

Dei andre i utvalet hadde ingen andre framlegg og støtta leiar sitt framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.10.18:

Sveio kontrollutval ber Deloitte AS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om "Barnevern" til neste møtet på nyåret 2019.

SAK 26/18 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2018

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2018 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 30.10.18:

Revisor Lone Naustbakk presenterte seg. Ho er oppdragsleiar for revisjonsteamet, mens Else Holst-Larsen er oppdragsansvarlig revisor. Ho orienterte så om planen. Ho gjorde mellom anna greie for risikobilde, vesentlegheitsgrenser, fokusområder, verdiar og om eigenerklæringa. Interimsrevisjon hadde dei hatt i oktober og årsoppgjørsrevisjonen vil skje i februar. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.10.18 :

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2018 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor til orientering.

SAK 27/18 MØTEPLAN 2019 - KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2019:
tysdag 22.01, 07.05, 18.06, 24.09 og 26.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 30.10.18:

Sekretær orienterte. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.10.18 :

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2019:

tysdag 22.01, 07.05, 18.06, 24.09 og 26.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 28/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 30.10.18

30. Statusoversikt - oktober 2018

31. Formannskapssak 86/18 til møtet 29.10.18 – Tertialrapport 2. tertial 2018

32. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentlighet

33. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål til ordførar

34. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland- program - påmelding

35. Haugaland Kraft AS – innkalling ekstraord. generalforsamling 26.11.18

Handsaming i kontrollutvalet 30.10.18:

Utvalssekretær gjekk igjennom statusrapport.

Økonomisjef gikk igjennom budsjettsituasjon pr. i dag. Han kunne opplyse at dei så lyst på det når det gjaldt kommande driftsresultat for 2018 pga. auka inntekter knytt til pensjonskostnadene og nytt havbruksfond. Driftsrekneskapen vil ha meirforbruk på nokre poster, spesielt innan sosialhjelp, men dette ville bli dekket av uventa midlar frå fondet.

Utvalsleiar oppmoda utvalet til å reise på haustkonferansen. I år kunne han sjølv ikkje delta. Torill Hagland ville sjekke og melde frå til sekretariatet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.10.18:

Kontrollutvalet tar referatsakene 30 – 35 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Neste møte

Etter møteplan er neste møtedato 22. januar.

Saker: orientering frå Vestavind AS, prosjektmandat «Barnevern», oppfølging av rapport «Internkontroll» og kontrollutvalet si årsmelding

Sveio/Aksdal, 30. oktober 2018

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.01.19	2/19
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERINGAR OM SELSKAP – VESTAVIND AS - BYGDEBLAD FOR SVEIO

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 26.01.16, sak 4/16 ein plan for orienteringar om støtte- og resultateiningane i kommunen i løpet av 2016. Orienteringane var meint å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står overfor. Orienteringane blei gjennomført i 2016.

Kontrollutvalet vedtok i møtet 12.06.18, sak 14/18 ein ny plan for orienteringar om kommunen og kommunale selskap i møta framover for å gjere kontrollutvalet betre kjend med selskapa og dei utfordringar dei står overfor.

Sveio kommune har eigarinteresser i sju selskap, som vert omfatta av kommunelova § 80 og åtte selskap som pr. i dag ikkje er omfatta av kommunelova om obligatorisk eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

Sveio kontrollutval vedtar å invitere følgjande til møta hausten 2018 og våren 2019 for ein orientering:

- *Sveio Golfpark AS (orientering 19.09.18, sak 17/18)*
- *SIM IKS (orientering 30.10.18, sak 23/18)*
- *Personalsjef om personalplanlegging og kompetanseheving, samt oppfølging av arbeidet med personvernlova*
- *Vestavind AS (bygdebladet)*

Sekretariatet gjorde avtale med dagleg leiar Irene Flatnes Haldin 20.06.18 om orienteringa og sendte brev same dag om inngått avtale. Det ble opplyst at temaet var å orientere om selskapet og utfordringar/planar som selskapet står overfor nå og i åra framover.

Frå www.purehelp.no om selskapet:

Org. nr 943 949 670
Firmanavn: Vestavind AS Bygdeblad for Sveio
Selskapsform: AS

Stiftet: 27.04.1987
Føremål: avisdrift

Kommunen si eigardel: Sveio 29,33 %

Andre eigare: Mediahuset Haugesund Avis AS 40,6 %,
Vestavind AS Bygdeblad for Sveio 4,4 %
Hardanger Folkeblad AS 4,0 %
Andre aksjonærer 21,5 %

Tilsette : 5
Driftsinntekter: kr 2 631 (3 034)
Driftsresultat kr - 463 (- 31)
Sum eigendelar kr 884 (1322)

Styreleiar: Bernhard Heggelund
Styremedlem: Bror Evind Eriksen, Øystein Vormestrand, Arne Tveit Katla

Sekretariatets kommentarar

Sekretariatet har i brev dagsett 08.10.18 minna om orienteringa og om ny dato for møtet. Temaet er som nemnt å orientere om selskapet og utfordringar/planer som selskapet står overfor nå og i åra framover.

Utvalet kan kome med innspel på spesielle emne og spørsmål, men helst så tidleg som mogeleg, slik at den inviterte kan førebu seg. Det har vore lagt opp til at utvalet sett ei tidsramme for orienteringa.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tek dagleg leiar si utgreiing om selskapet Vestavind AS til orientering.

Aksdal, 15.01.19

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.01.19	3/19
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN - FORVALTNINGSREVISJON – «BARNEVERNSTENESTA»

Vedlegg: **Deloitte:** Prosjektplan- «Barnevernstenesta « - jan .2019
(vedlegg med timebudsjett er ikkje off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering:

I møtet 30.10.18, sak 25/18 bad kontrollutvalet Deloitte om å leggje fram utkast til prosjektmandat innanfor temaet barnevern til neste møtet på nyåret. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 13.01.19.

Bakgrunn

Temaet er sett opp som prioritet nr 3 blant dei prioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som vart vedteke i kommunestyret 31.10.16, sak 111/16.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektplan at føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om barneverntenesta etterlever sentrale krav knytt til sakshandsaming og oppfølging av barn i barneverntenesta.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad har kommunen etablert ei god rutine for mottak av meldingar?

- a) Blir meldingar handsama innan fristen på ei veke?
- b) Blir henlagte meldingar tilstrekkeleg grunngjeve?
- c) Blir det gitt tilbakemelding til meldar om mottak og handsaming av meldinga?

2. I kva grad har kommunen etablert ei god rutine for igangsetting og gjennomføring av undersøkingar?

- a) Blir undersøkingane gjennomført innan fristen på tre (eventuelt seks) månader?
- b) Er undersøkingane godt dokumenterte?

3. I kva grad har kommunen etablert system og rutinar for å sikre ei god oppfølging av iverksatte hjelpetiltak?

- a) Blir hjelpetiltaka sett i verk innan rimeleg tid?
- b) Blir det utarbeidd tiltaksplanar for alle vedtekne hjelpetiltak?
- c) Blir hjelpetiltaka tilfredsstillande følgt opp, evaluert og ev. korrigert?

4. I kva grad har kommunen etablert system og rutinar for å sikre ei god oppfølging av barn i fosterheim?

- a) I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar knytt til oppfølging av barn sin situasjon i fosterheim?
 - i) Er det etablert omsorgsplan for barna?
 - ii) Blir det gjennomført tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk?
 - iii) Blir oppfølgingsbesøka tilstrekkeleg dokumenterte?
 - iv) Gir barneverntenesta fosterforeldra nødvendig råd og rettleiing?
- b) I kva grad er det etablert ei tilfredsstillande ordning knytt til tilsyn med fosterheimar?
 - i) Korleis er tilsynsordninga organisert?
 - ii) Korleis sikrar kommunen tilfredsstillande opplæring og oppfølging av dei som har tilsynsoppgåva?
 - iii) Blir det gjennomført tilstrekkeleg med tilsynsbesøk?

Om barneverntenesta

I løpet av 2017 mottok barneverntenesta i Sveio 74 meldingar. Pr 31.12.17 mottok 29 barn hjelpetiltak medan dei budde heime, medan 10 barn er plassert i fosterheim og 1 ungdom er plassert i institusjon. I tillegg har tenesta ansvar for tilsyn for alle barn plassert i fosterheim i kommunen. Pr. 31.12.17 hadde tenesta ansvar for tilsyn i 19 fosterheimar i kommunen.

Det blei i løpet av 2017 vedteke etablering av interkommunal beredskapsvakt for akutte barnevernsaker etter ordinær arbeidstid. Sveio samarbeider her med Tysvær og Vindafjord kommunar. Beredskapsvakta starta 01.02.18.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på **275** timar. Det inkluderar førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

Timetalet ligg noko øve tidlegare prosjekt, men skulle helde omtrent innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2019.

Revisjonskriteria knytte dei ulike krava og omgrep er omtalt i kapittel 2 i planen. Dei metodaer som vil bli nytta vil vere dokumentanalyse, intervju, stikkprøvegjennomgang, analyse av statistikk og verifisering og høyring. Prosjektleder vil vere direktør Birte Bjørkelo og i teamet prosjektmedarbeidar Annbjørg Ryssdal. Dette er det skrevet meir om i kapittel 3.

Når det gjeld aktivitetsplan/timebudsjett har Deloitte bede om at den ikkje vert gjort offentleg. Det syner selskapet si disponering av ressurar og dei meiner dette er informasjon som dei av konkurranseomsyn vil halde hemmeleg. Sekretariatet har teke ut dette vedlegget, med heimel i Off.lov § 13/ Forvalt.lov § 13, og legg den berre fram i møtet.

Deloitte skriv at oppstart vil vere i februar og rapporten vil vere klar for oversending innan midten av september 2019.

Sekretariatet meiner at utvalet bør kunne krevje at rapporten bør vere klår innan fyrste veka av september. Revisor vil då ha 6 månader på oppdraget. Høyring vil då måtte finne stad i august/september og administrasjonen må då merke seg dette.

Utvalet har sitt fyrste møte 24. september. Det vil også vere det siste møtet i denne kommunestyreperioden. Noverande kommunestyre sitt siste møte vil vere 30. september, under ei veke etter kontrollutvalgsmøtet. Saksdokumenta vert sendt ut fredag veka før, og då må saka bli sett på sakslista og saksframlegg og rapport bli sendt ut før handsaming i kontrollutvalet. Særutskriften vil så måtte bli ettersendt til kommunestyret sitt møte 30. september. Den 14. oktober er sett av til konstituerande møte for nytt kommunestyre og fyrste møte etter det er sett til 11. november. Det er difor naturleg at rapporten blir lagt fram til møtet i september.

Kontrollvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet og til tidsplan.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Barneverntenesta i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

- *rapporten oversendast sekretariatet i veke 37 (9. -13. september) 2019.*

Ramma vert sett til 275 timar.

Aksdal, 15.01.19

Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Sveio kommune

Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta

Prosjektplan/engagement letter

Januar 2019

Innhald

1.	Føremål og problemstillingar	4
2.	Revisjonskriterium	6
3.	Metode	10
4.	Tid og ressursbruk	11

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 30.10.18 og sak 25/18 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Sveio kommune.

1.2 Om barneverntenesta

I løpet av 2017 mottok barneverntenesta i Sveio 74 meldingar. Pr 31.12.17 mottok 29 barn hjelpetiltak medan dei budde heime, medan 10 barn er plassert i fosterheim og 1 ungdom er plassert i institusjon. I tillegg har tenesta ansvar for tilsyn for alle barn plassert i fosterheim i kommunen. Pr. 31.12.17 hadde tenesta ansvar for tilsyn i 19 fosterheimar i kommunen.

Det blei i løpet av 2017 vedteke etablering av interkommunal beredskapsvakt for akutte barnevernsaker etter ordinær arbeidstid. Sveio samarbeider her med Tysvær og Vindafjord kommunar. Beredskapsvakta starta 01.02.18.

1.3 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om barneverntenesta etterlever sentrale krav knytt til sakshandsaming og oppfølging av barn i barneverntenesta. Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad har kommunen etablert ei god rutine for mottak av meldingar?

- a) Blir meldingar handsama innan fristen på ei veke?
- b) Blir henlagte meldingar tilstrekkeleg grunngjeve?
- c) Blir det gitt tilbakemelding til melder om mottak og handsaming av meldinga?

2. I kva grad har kommunen etablert ei god rutine for igangsetting og gjennomføring av undersøkingar?

- a) Blir undersøkingane gjennomført innan fristen på tre (eventuelt seks) månader?
- b) Er undersøkingane godt dokumenterte?

3. I kva grad har kommunen etablert system og rutinar for å sikre ei god oppfølging av iverksatte hjelpetiltak?

- a) Blir hjelpetiltaka sett i verk innan rimeleg tid?
- b) Blir det utarbeidd tiltaksplanar for alle vedtekne hjelpetiltak?
- c) Blir hjelpetiltaka tilfredsstillande følgt opp, evaluert og ev. korrigert?

4. I kva grad har kommunen etablert system og rutinar for å sikre ei god oppfølging av barn i fosterheim?

- a) I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar knytt til *oppfølging* av barn sin situasjon i fosterheim?
 - i) Er det etablert omsorgsplan for barna?
 - ii) Blir det gjennomført tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk?
 - iii) Blir oppfølgingsbesøka tilstrekkeleg dokumenterte?
 - iv) Gir barneverntenesta fosterforeldra nødvendig råd og rettleiing?
- b) I kva grad er det etablert ei tilfredsstillande ordning knytt til *tilsyn* med fosterheimar?
 - i) Korleis er tilsynsordninga organisert?
 - ii) Korleis sikrar kommunen tilfredsstillande opplæring og oppfølging av dei som har tilsynsoppgåva?
 - iii) Blir det gjennomført tilstrekkeleg med tilsynsbesøk?

iv) Blir det rapportert frå tilsynsbesøka og blir rapportane tilstrekkeleg kontrollert og følgt opp?

5. I kva grad har sikrar kommunen barns medverking i egne saker?

- a) Har barneverntenesta etablert system og rutinar for barns medverking?
- b) Blir barns medverking tilfredsstillande dokumentert?

6. I kva grad gjennomfører barneverntenesta risikoanalysar av tenesta og har kommunen etablert eit føremålstenleg avvikssystem?

- a) I kva grad blir det gjennomført og dokumentert jamlege risikoanalysar for å avdekke mogleg svikt eller manglar i tenesta?
- b) I kva grad blir avvik rapportert (og ev kva typar avvik)?
- c) Blir avvika følgt opp og retta opp?

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utøymande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

Revisjonsskriteria endrar seg gjennom at lov og regelverk blir endra. Det er det gjeldande regelverket for revisjonsperioden som skal leggjast til grunn. Dette vil bli tatt omsyn til i revisjonen. Under er det vist til gjeldande regelverk.

2.2 Krav i lov og forskrift

Barnevernslova med tilhøyrande forskrifter regulerer kommunen sine tenester på barnevernsområde. Dei overordna prinsippa for barnevernet sitt arbeid går fram av føremålsparagrafen i barnevernslova, § 1-1:

«Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.»

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen utfører oppgåvene i samsvar med krav fastsatt i lov eller i medhold av lov. Kommunen må kunne gjere greie for korleis den oppfyller kravet til internkontroll. Det er utarbeidd ei eiga føresegn om internkontroll i barnevernstenesta «Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barneverntjenester.» Eit av krava er mellom anna å sikre ei god oversikt over fare for svikt og manglar i tenesta.

2.2.1 Meldingar

Barneverntenesta skal snarast, og seinast innan ei veke gjennomgå innkomne meldingar og vurdere om meldingane skal følgjast opp med vidare undersøkingar (barnevernslova § 4-2). Dersom barneverntenesta henlegger meldingar utan undersøking, skal dette grunngjevast skriftlig. Grunngjeving skal innehalde faglige vurderingar. Henlegging av openbart grunnlause meldingar trengst ikkje å grunngjevast.

Barneverntenesta skal gi den som har sendt melding til barneverntenesta tilbakemelding. Tilbakemeldinga skal sendast innan tre veker etter at meldinga blei mottatt (tilbakemelding kan unnlatast i tilfelle der meldinga er openbart grunnlaus, eller der andre særlege omsyn talar mot å gi tilbakemelding).

Tilbakemeldinga skal stadfeste at meldinga er mottatt. Dersom meldinga kjem frå ein offentleg meldar skal tilbakemeldinga også opplyse om kor vidt det er opna undersøkingssak. Dersom det er opna undersøkingssak, skal barneverntenesta gi offentlige meldarar ny tilbakemelding om at undersøkinga er gjennomført. Den nye tilbakemeldinga skal sendast innan tre veker etter at undersøkinga er gjennomført og skal innehalde opplysningar om kor vidt saka er henlagt, eller om barneverntenesta følgjer opp saka vidare.

Når barneverntenesta skal iverksette eller har iverksatt tiltak som det er naudsynt at den offentlege meldaren får kjennskap til av omsyn til sin vidare oppfølging av barnet, kan barneverntenesta gi meldaren tilbakemelding om tiltaka.

2.2.2 Undersøkingar

I følgje barnevernslova § 6-9 skal ei undersøking gjennomførast snarast og seinast innan tre månader. I særlege tilfelle kan fristen vere seks månader.

Fristen for gjennomføring av undersøkingar må sjåast i samanheng med fristen for handsaming av meldingar: «Henlegges ikke meldingen, regnes utgangspunktet for fristen for gjennomføring av undersøkelser etter § 4-3 fra det tidspunkt meldingen er gjennomgått.»¹

Ei undersøking er gjennomført når barneverntenesta har treft eit vedtak om tiltak eller saka er henlagt.

I rutinehandboka frå departementet, blir det understreka at eit godt samarbeid med foreldre og barn er svært viktig i undersøkingsfasen.² Det blir også peika på at partane bør få informasjon om føremålet med undersøkinga. Vidare blir det tilrådd at det blir utarbeidd ein plan for kvar undersøking.³ Det blir understreka at ein slik plan er eit godt verkemiddel for å sikre framdrift i undersøkingane, og for å tydeliggjere barneverntenesta si utredning i kvar enkelt undersøking.

2.2.3 Hjelpetiltak

Barneverntenesta skal, når barnet på grunn av forholda i heimen eller av andre grunner har særlig behov for det, sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien (jf. barnevernslova § 4-4).

Målsettinga er at tiltaka skal vere frivillige. Men det kan påleggast tre hovudkategoriar av tiltak for ein tidsavgrensa periode. Dette føreset at frivillige tiltak er forsøkt eller vurdert.

- Kompenserande tiltak
- Omsorgsendrande tiltak
- Kontrolltiltak

Av § 6-1 i barnevernslova går det fram at forvaltningslova gjeld innanfor barnevernsområdet, og at avgjerder som gjeld tenester etter barnevernslova skal reknast som enkeltvedtak. I kapittel V i forvaltningsloven går det mellom anna fram at enkeltvedtak skal grunngjevast (§ 24). I grunngjevinga skal det visast til dei reglar vedtaket bygger på, og dei faktiske forhold som underbygger vedtaket (§ 25). I orienteringa om vedtaket til den det gjeld skal det også gjevast opplysningar om klagetilgang, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage (§ 27).

For hjelpetiltak skal barneverntenesta utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan (jf. barnevernslova § 4-5). Barneverntenesta skal følgje nøye med på korleis det går med barnet og foreldra og vurdere om hjelpen er tenleg, eventuelt om det er nødvendig med nye tiltak, eller om det er grunnlag for omsorgsovertaking. Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig.

Tiltaksplanen er eit viktig verktøy i oppfølgingsarbeidet. I følge retningslinjer frå departementet⁴ skal ein tiltaksplan gjere greie for kva tiltak som er sett i verk, føremålet med tiltaka, og vidare plan for oppfølging av tiltaka. Ettersom planen skal være tidsavgrensa, bør den opplyse når tiltaket skal evaluerast og på kva måte evalueringa skal skje. I forarbeida blir det presisert at evaluering av hjelpetiltak skal dokumenterast:

«Et siktemål med systematiske og dokumenterbare evalueringer må være å unngå at barn lever under omsorgssvikt fordi man viderefører, eller prøver ut, stadig nye hjelpetiltak som ikke i tilstrekkelig grad bedrer barnets situasjon.»⁵

2.2.4 Omsorgsovertaking og bruk av fosterheim

Dersom det er alvorlege manglar ved omsorga som eit barn får, kan barneverntenesta overta omsorga for eit barn, jf. barnevernslova § 12. Eit slikt vedtak kan berre treffast når det er naudsynt ut frå den situasjon barnet befinn seg i. Eit slikt vedtak kan derfor ikkje treffast dersom det kan skapast tilfredsstillande forhold for barnet ved hjelpetiltak. Eit vedtak om omsorgsovertaking skal treffast av fylkesnemnda.

Val av fosterheim

¹ Ofstad & Skar 2004, s. 298.

² Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, 2006.

³ Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, 2006, s. 41.

⁴ Saksbehandling i barneverntjenesten. Rundskriv Q-1036/2002.

⁵ Ot.prp.nr.69 (2008-2009).

Dersom det blir vedtatt å nytte fosterheim skal barnevernenesta alltid vurdere om det er nokon i barnets familie eller nære nettverk kan veljast som fosterheim (jf. § 22 i barnevernslova).

I samsvar med forskrift om fosterheim § 5 skal barneverntenesta i fosterheimskommunen ha ansvaret for å godkjenne fosterheimen. Fosterheimen kan berre godkjennast dersom barneverntenesta har undersøkt fosterheimen og funne at fosterforeldra oppfyller dei generelle krava til fosterforeldre (jf. § 3) og er til det aktuelle barnets beste (jf. § 4).

Barneverntenesta skal innhente opplysningar om fosterfamilien sin helsetilstand og har ansvaret for at fosterforeldra legg fram politiattest og for å vurdere om andre som bor i fosterheimen skal legge fram politiattest, jf. barnevernslova § 6-10.

Barneverntenesta i omsorgskommunen og fosterforeldra skal inngå skriftlig avtale om barneverntenesta og fosterforeldra sin plikter (jf. forskrift om fosterheim § 6). Barneverntenesta og fosterforeldra skal gjennomgå avtalen minimum ein gang i året og foreta eventuelle endringar.

Omsorgsplan

Barneverntenesta har i følgje barnevernslova § 4-16 eit løypande og heilskapleg ansvar for oppfølginga av barnet etter omsorgsovertakinga, under dette eit ansvar for å følgje utviklinga til barnet og foreldra. Barneverntenesta skal vurdere om det er nødvendig med endringar eller ytterligere tiltak for barnet.

I følgje § 4-15 i barnevernslova skal barneverntenesta ved omsorgsovertakelsen vedta ein plan for barnets omsorgssituasjon. Seinast to år etter fylkesnemndas vedtak skal barneverntenesta vedta ein plan for barnets framtidige omsorgssituasjon som ikkje skal endrast utan at føresetnadene for den fell bort.

I god tid før barnet fyller 18 år, skal barneverntenesta i samarbeid med barnet vurdere om plasseringa skal oppretthaldast eller om barnet skal motta andre hjelpetiltak etter fylte 18 år. Dersom barnet samtykker skal barneverntenesta utarbeide ein plan for framtidige tiltak.

Oppfølging

I følgje § 7 i forskrift om fosterheim skal barneverntenesta i omsorgskommunen følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen. Barneverntenesta skal besøke fosterheimen så ofte det er naudsynt, men minimum 4 gonger i året. Dersom barneverntenesta vurderer forholda i fosterheimen som gode kan barneverntenesta vedta at talet besøk skal reduserast til minimum 2 gonger i året for barn som har vore plassert i fosterheim i meir enn 2 år.

Tilsyn

I forskrift om fosterheim § 8 går det fram at det skal gå klart fram av fosterheimskommunen sitt delegasjonsreglement kva instans i kommunen som skal føre tilsyn. Fosterheimskommunen og omsorgskommunen kan inngå avtale om at omsorgskommunen skal ha ansvaret for at det blir ført tilsyn. Avtalen skal vere skriftlig. Blir det inngått slik avtale plikter omsorgskommunen å melde frå til barneverntenesta i fosterheimskommunen om eventuelle misforhold i fosterheimen.

Fosterheimskommunen skal gi tilsynsoppgåver til personer som er eigna til å utføre oppgåva over tid og som er tilstrekkelig uavhengig av barneverntenesta og fosterforeldra, samt sørge for at det blir gitt tilstrekkelig opplæring og rettleiing.

Fosterheimskommunen skal ved barneverntenesta si godkjenning av fosterheimen orientere både barnet og fosterforeldra om kommunen sitt ansvar for tilsynet og kven som skal føre tilsyn med barnet. Barnet skal informerast om at det når som helst kan ta opp eventuelle problem i fosterheimen eller i forholdet til barneverntenesta.

Kommunen skal føre tilsyn frå plasseringstidspunktet fram til barnet fyller 18 år. Det skal førast tilsyn med at barnet får forsvarlig omsorg i fosterheimen og at dei føresetnader som blei lagt til grunn for plasseringa blir følgt opp.

Fosterheimskommunen skal i følgje forskrift om fosterheim § 9 føre tilsyn med barnet så ofte som naudsynt, men minimum 4 gonger i året (kan reduserast til 2 gonger for barn som er fylt 15 år og som har vore

plassert i fosterheimen i meir enn 2 år, og dersom barneverntenesta i omsorgskommunen samtykker). Den som fører tilsyn skal legge til rette for samtale med barnet utan at fosterforeldra er til stades.

Den som fører tilsyn skal utarbeide rapport etter kvart tilsyn. Det skal gå fram kva forhold vurderingane av barnet sin situasjon bygger på. Det skal vidare gå fram om det har vore samtalar med barnet, korleis barnet er gitt muligheit til å uttrykke sine synspunkt, kva barnet har formidla og om det bør innhentast ytterlegare informasjon. Rapporten skal umiddelbart sendast fosterheimskommunen. Fosterheimskommunen skal kontrollere at rapporten frå tilsynet gir tilstrekkelig informasjon til at føremålet er ivare tatt. Endelig rapport som er godkjent av fosterheimskommunen skal umiddelbart vidaresendast til barneverntenesta i omsorgskommunen, og i kopi til barneverntenesta i fosterheimskommunen. Barneverntenesta i omsorgskommunen skal følgje opp rapporten og umiddelbart sørge for å følgje opp forhold som gir grunn til bekymring. Fosterheimskommunen skal ved etterfølgande tilsyn kontrollere at forholda er følgt opp.

2.2.5 Barns medverking

Barns rett til medverking går fram av både av barnevernslova §1-6 og forskrift om medverking og tillitsperson. I barnevernslova går det fram:

«Alle barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, har rett til å medvirke i alle forhold som vedrører barnet etter denne loven. Barnet skal få tilstrekkelig og tilpasset informasjon og har rett til fritt å gi uttrykk for sine synspunkter. Barnet skal bli lyttet til, og barnets synspunkter skal vektlegges i samsvar med barnets alder og modenhet. Barn som barnevernet har overtatt omsorgen for, kan gis anledning til å ha med seg en person barnet har særlig tillit til.»

I forskrift om medvirkning og tillitsperson § 5 blir det vist til at «Barns medvirkning er en prosess som må utøves under hele sakens forløp i barnevernet. Barnet skal gis mulighet til å medvirke i alle forhold som angår barnet. Barnet skal ikke utsettes for press til å medvirke.»

I forskrifta blir barneverntenesta sine oppgåver når det gjeld tillitsperson presisert. I § 12 går det fram:

«Barneverntjenesten skal så tidlig som mulig informere barnet om muligheten til å ha en tillitsperson. Barneverntjenesten skal legge barnets ønske om valg av tillitsperson til grunn med mindre denne personen ikke er egnet, jf. § 10. Barneverntjenesten skal samarbeide med tillitspersonen og legge til rette for at tillitspersonen skal kunne utøve rollen sin.»

Barneverntenesta skal dokumentere:

- om barnet er informert om mulighetene til å ha med seg ein tillitsperson, og
- om barnet ønskjer å ha med seg ein tillitsperson.

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument bli nytta som revisjonskriterium. Dette kan til dømes dreie seg om mål, vedtak og rutinar.

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

Får å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalte personar frå barneverntenesta i kommunen. Vi tek sikte på å gjennomføre om lag 4-5 intervju.

3.3 Stikkprøvegjennomgang

Revisjonen vil gjennomføre ein stikkprøvekontroll av saksmapper både knytt til vedtak om hjelpetiltak (6 saker) og for barn i fosterheim (4 saker). Revisjonen vil også gjennomgå meldingar som er henlagt (6 saker).

3.4 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte statistikk frå KOSTRA samt rapportering til Fylkesmannen

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifisert intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli lagt ved den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg teamet bestå av prosjektleiar Birte Bjørkelo (Director), og medarbeidar Annbjørg Ryssdal (konsulent) Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 275 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere februar 2019 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan midten av september 2019. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stillar til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Sveio kommune og Deloitte.

Bergen, 13. januar 2019



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.01.19	4/19
Kommunestyret	18.02.19	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2018

Vedlegg: kontrollutvalet si årsmelding for 2018

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2018 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2018 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval godkjenner årsmelding for 2018 slik ho ligg føre (eller med endringar som kom fram i møtet).

OG INNSTILLING:

Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2018 til orientering.

Aksdal, 15.01.19

Toril Hallsjø (sign)
Daglig leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING 2018



KONTROLLUTVALET
SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2018.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og selskapa som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Utvalet kan heller ikkje ha vere valt inn i andre utval.

Utvalet har etter siste nyval i 2016 følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Olav Haugen (KrF)
Nestleiar	Hans Christian Andersen (Frp)
Medlem	Heidi Selsås (Ap)
Medlem	Gustav Eidsvåg (Frp)
Medlem	Torill Hagland (H)

Numeriske varamedlem:

1. ~~Svein Nesse~~ (V)
2. Sissel Lier Høiness (Ap)
3. Haldis R. Stueland (KrF)
4. Svein Olaf Bua (H)
5. Helga Reinertsen (Sp)

Gustav Eidsvåg er også kommunestyrerepresentant.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet, men har ikkje møtt på nokre møte i 2018. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Rådmannen møtte i april ved rekneskapssaka, medan økonomisjefen møtte i oktober for rådmannen ved sak om forvaltningsrevisjon. Kommunalsjef helse og omsorg møtte også i april for å orientere om sitt ansvarsområde.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2018

Kontrollutvalet har i 2018 hatt **5** (4) møte, fordelt på tre om våren og to på hausten. Utvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov om å lukke. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i rådhuset.

Utvalet har i 2018 hatt **28** (20) saker til handsaming der 5 (4) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **34** (31) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over sakene følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i februar deltok H.C. Andersen. Det var ingen frå Sveio som deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni eller på dagskonferansen for kontrollutval i Sandnes i november.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 24.04.18 kommunen sin årsrekneskap for 2017 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2017 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 4,3 mill. og positivt netto driftsresultat med 24,3 mill. kr. Det utgjør 5,1 % og var godt øve resultatet året før. I same møte blei uttalen til rekneskap for Ryvarden Kulturfyr KF godkjent. Overskotet her var på kr 65.000.

Kontrollutvalet hadde i år inga merknader til rekneskapen.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Sveio kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 31.10.16, sak 111/16.

Rapport om «Saksførebuing og vedtaksoppfølging» blei lagd fram for utvalet 30.10.18 og vidaresendt til kommunestyret 12.11.18, sak 9/18. Revisor hadde fem tilrådingar. Rådmannen skal komme med tilbakemelding om oppfølging av rapporten innan 6 månader, dvs. hausten 2019.

Prosjekt om barnevernet blei valt i haust som nytt prosjekt i samsvar med planen. Prosjektmandat skal handsamast på nyåret og rapport vil vere klår hausten 2019.

Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport »Internkontroll i Sveio kommune» frå hausten 2017 blei ikkje lagt fram i 2018, men vil komme på nyåret 2019.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 31.10.16, sak 112/16.

Samordna selskapskontroll av Karmsund Havn IKS blei vedteken og gjennomført i 2018. Rapport ble lagt fram for kommunestyret i juni. Det blei sett 12 månader for frist for tilbakemelding.

Utvalet har i 2018 også fått orienteringar om drifta til selskap der kommunen er deleigar. I september var styreleiar for Sveio Golfpark AS Per Bjørn Habbestad og orienterte, og i oktober var dagleg leiar for Sunnhordland Interkommunale Miljøpark (SIM) IKS Ole Johannes Støle og orienterte.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Deloitte AS er kommunen sitt revisjonsselskap. Avtalen gjeld frå 01.07.16 til 31.06.20 med opsjon til å forlengje avtalen med to år. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Else Holst-Larsen og ho eller stedfortredar har møtt i tre av fem møte. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og har møtt i to av møta i 2018.

Deloitte AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram prosjektpån for kommande rapport og utarbeida rapport.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan gjerast ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I mai møtte kommunalsjef Toft etter ønskje frå utvalet og orienterte om sitt ansvarsområde innan helse og omsorg. Rådmannen orienterte i same møte om kommunen sitt arbeid knytt til personvernlova. Økonomisjefen orienterte i oktober om budsjettsituasjonen.

Det har elles i 2018 ikkje vore nokon innbyggjarar som har tatt kontakt med utvalsleiar eller andre i utvalet med ønskje om dei sett fokus eit emne eller konkret sak.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVARsomRÅDE 10010	REGNSKAP 2017	BUDSJETT 2018	REGNSKAP 2018
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	63 799	84 000	90 188
Revisjonstenester (avt m/priv.)	363 320	400 000	358 575
Sekretariatstenester ((IKS)	167 000	172 000	172 000
Sum utgifter	594 119	656 000	620 763

Kontrollutvalet handsama hausten 2018 framlegg til budsjett for tilsyn og kontroll for 2019. Framlegg til budsjett var på kr 670.000 eks. mva.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmannen eller revisjonen. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS blei etablert 2005 og vore i drift i 14 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Agder og Hordaland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Sveio kommune er utvalsleiar Olav Haugen valt til representantskapet i IKSet med Ole-Ørjan Hov som vara. Representantskapsmøtet blei heldt 23.04.18 og Haugen leia møtet då han er valt av representantskapet som leiar.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2018 har vore nokså lik som tidlegare år. Det har blitt handsama ein rapport og nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt er valt ut for 2019. Det har vore tinga og gjennomført ein selskapskontroll av eit IKS, og utvalet har fått orientering frå to selskap kor kommunen er deleigar. Administrasjonen har gjort greie for rekneskap og budsjett, samt andre aktuelle saker, mellom anna personvernlova.

Sveio, den 15.01.19

Olav Haugen
leiar (sign.)

OVERSYN OVER SAKER – SVEIO KONTROLLUTVAL 2018

Saker til handsaming:

- 1/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 07.11.17
- 2/18 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon – Saksførebuing og vedtaksoppfølging
- 3/18 Deltaking i selskapskontroll – Karmsund Havn IKS
- 4/18 Kontrollutvalet si årsmelding 2017
- 5/18 Referat- og orienteringssaker 30.01.18

- 6/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 30.01.18
- 7/18 Orientering frå administrasjonen - kommunalsjef helse og omsorg
- 8/18 Orientering frå adm. – ny personvernlov – konsekvensar for kommunen
- 9/18 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2017
- 10/18 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap og årsmelding 2017
- 11/18 Referat- og orienteringssaker 24.04.18

- 12/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 24.04.18
- 13/18 Selskapskontroll .rapport - Karmsund Havn IKS
- 14/18 Plan for orienteringar om kommunen og kommunal selskap
- 15/18 Referat- og orienteringssaker 12.06.18

- 16/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 12.06.18
- 17/18 Orienteringar om kommunale selskap – Sveio Golfpark AS
- 18/18 ~~Forvaltningsrevisjonsrapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging»~~ utsett
- 19/18 Revisor si egenerklæring for 2018
- 20/18 Budsjett for 2019 – kontroll og tilsyn
- 21/18 Referat- og orienteringssaker 19.09.18

- 22/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 19.09.17
- 23/18 Orienteringar om kommunale selskap – SIM IKS
- 24/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging»
- 25/18 Val av nytt forvaltn.revisjonsrapport for 2019 – tinging av prosjektmandat
- 26/18 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2018
- 27/18 Møteplan for 2019 - kontrollutvalet
- 28/18 Referat- og orienteringssaker 30.10.18

Referat- og orienteringssaker 2018 til Sveio kontrollutval

1. Statusoversikt - januar 2018
2. Rekneskapstall 2017 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
3. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 15.12.17
4. Årsrapport og skatterekneskap 2017 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
5. Haustkonferansen 30.11.17 i Sandnes – tilbakemelding frå utvalsleiar
6. Påmeldt til Kontrollutvalskonferansen 07.-08.02.18 - nestleiar H.C. Andersen

7. Statusoversikt - april 2018
8. Kontrollrapport 2017 vedk skatteoppkrevjaren for Sveio kommune
9. Innkalling til representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 13.04.18
10. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 20.04.18
11. Kontrollutvalgskonferansen 07.- 08.02.18 – kort samandrag - nestleiar deltok
12. FKT-konferansen 29.-30.05.18 og årsmøte i FKT – utvalsleiar er påmeldt
13. eINFO 1/18 – Redegjørelse for likestilling mv. i årsberetningen
14. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarar: Teieplikt og lukka møte
15. NKRF- rettleiar «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene» – på høyring
16. FKT-rettleiar «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene»
17. NKRF – framlegg til ny kommunelov (Prop. 46 L) vil bidra til styrka eigenkontroll
18. Protokoll –representantskapet 23.04.18 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

19. Statusoversikt - juni 2018
20. FKT-konferansen 29.-30.05.18 og årsmøte i FKT
21. Innkalling til generalforsamling 11.06.18 i Haugaland Kraft AS
22. Kommunal Rapport 07.05.18 – Bernt svarar: Om fjernmøte
23. NKRF – Kommunalkomiteens innstilling om ny kommunelov

24. Statusrapport pr. september 2018
25. Komm.styrevedtak 18.06.18, sak 48, selskapskontroll- Karmsund Havn IKS
26. Generalforsamlingsprotokoll 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
27. Kommunal Rapport 12.08.18 – Debattinnlegg av NKRF- leder – «Tillit og kontroll»
28. Haugesunds Avis 05.09.18 – leder – «Her må vi ha kontroll» - Karmsund Havn IKS
29. Haustkonferansen- Forum for kontrollutvalg i Rogaland – dato sett til 22.11.18

30. Statusoversikt - oktober 2018
31. Formannskapssak 86/18 til møtet 29.10.18 – Tertialrapport 2. tertial 2018
32. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentlighet
33. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål til ordførar
34. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland- program - påmelding
35. Haugaland Kraft AS – innkalling ekstraord. generalforsamling 26.11.18

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.01.19	5/19
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.01.19**Vedlegg:**

1. Statusoversikt - januar 2019
2. Rådmannen si forklaring for utsett sak om oppfølging av rapport om internkontroll
3. Kommunestyrevedtak 22.11.18, sak 90 /18 – Forvaltningsrevisjonsrapport
«Saksførebuing og vedtaksoppfølging»
4. Rekneskapstall 2018 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
5. Haugaland Brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 28.11.18
6. Karmsund Havn IKS – protokoll frå eigarmøte 28.11.18
7. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 21.12.18
8. Årsrapport og skatterekneskap 2018 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
9. Sivilombudsmannen om lukking av møter i kontrollutval
10. Haustkonferansen 22.11.18 i Sandnes – ingen deltok frå Sveio. Sekretær orienterer.

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Dersom det er spørsmål til skatterekneskapen eller årsrapporten ber eg om at dei blir varsla før møtet, slik at skatteoppkrevar blir varsla og evt. kan møte.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar referatsak 1 – 10 til orientering.

Aksdal, 15.01.19

Toril Hallsjø
Utvalssekretær



1

Kontrollutvalet i Sveio - Statusoversikt januar 2019

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
<i>Barnevernstenesta</i>	22.01.19	275 t.	Prosjekt-plan klar	Aug./sept. 2019	
Selskapskontroll					
Sveio Golfpark AS	12.06.18	orientering	Invitert	19.09.18.	
SIM IKS	12.06.18	orientering	Invitert	13.11.18	
Vestavind AS	12.06.18	orientering	Invitert	22.01.19	
Andre saker					
Personalforvaltninga	12.06.18	orientering	Innk/inv.	Vår 2019	
Personvernforordninga	31.01.18,		Tilbake-melding	Møtet 23.04.18	Oppfølging våren 2019

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon/ selskapskontroll	Bestilt	Hand-saming i KU	Hand-saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
<i>Saksførebuing og vedtaksoppfølging»</i>	31.01.18, sak 2/18	30.10.18, sak 24/18	12.11.18, sak 90/18	Juni 2019	Deloitte AS
«Internkontroll»	24.01.17, sak 02/17	12.09.17, 11/17	25.09.17, sak 73/17	Januar 2019 Mai 2019	Deloitte AS
<i>Karmsund Havn IKS</i>	31.01.18, sak 3/18	12.06.18, sak 13/18	18.06.18, sak 48/18	Hausten 2019	KPMG AS
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp i KST	Merknader
«Sakshandsaming, service og haldningar»	3.02.15, sak 3/15	01.10.15, sak 25 /15	14.03.16 sak 2 /16	31.10.16, sak 110/16	KPMG AS
«Spesialped. tiltak i Sveio»	28.01.14 sak 3/14	23.09.14, sak 26/14	03.11.14, sak 73/14	08.12.15, sak 30/15	KPMG AS
Selskapskontroll					
<i>Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS</i>	09.09.14, sak 19/14	20.04.15, sak 10/15	11.05.15, Sak 26/15	KU 14.06.16, sak 15/16	Deloitte AS
Andre saker					
Plan og OA – forvaltn. rev. og selskapsktr 2016-2020	03.12.15, 33/15	13.09.16, sak 20/16 og 21/16	31.10.16 sak 111/16 og 112/16	Neste 4 år	Laga av Deloitte AS

Emne **RE: Oppfølging av forvaltningsreisjonsrapport og kommunestyrevedtak**
Avsender Førre, Jostein <Jostein.Forre@sveio.kommune.no>
Mottaker Toril Hallsjø <tha@kontrollutvalgene.no>
Kopi til Haugen Olav <olavhaugen@haugnett.no>, Skåden, Jorunn <Jorunn.Skaden@sveio.kommune.no>
Dato 10.01.2019 14:56

roundcube

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 10.01.19
Journalført: 19/002/tha
Arkivkode: 216

Hei!

Visar til attendemelding på revisjonsrapport. Administrasjonen har desverre ikkje rukke å ha dette klart til fyrstkommende møte, då det vart svært travelt i innspurten av 2018 . Planlegg å ha det klart til neste møte i kontrollutvalet.

Mvh

Jostein Førre

Rådmann

Telefon: 53 74 80 80 – Mobil 94 53 44 44

E-post: Jostein.Forre@sveio.kommune.no



Sveio kommune

Telefon sentralbord: 53 74 80 00

www.sveio.kommune.no

postmottak@sveio.kommune.no

From: Toril Hallsjø [mailto:tha@kontrollutvalgene.no]
Sent: Thursday, January 10, 2019 10:28 AM
To: Førre, Jostein <Jostein.Forre@sveio.kommune.no>
Cc: Haugen Olav <olavhaugen@haugnett.no>; Skåden, Jorunn <Jorunn.Skaden@sveio.kommune.no>
Subject: Oppfølging av forvaltningsreisjonsrapport og kommunestyrevedtak

Hei,

det nærmer seg møte i kontrollutvalget og jeg vil minne om denne saken og jeg forventer å få en oversendelse/tilbakemelding innen tirsdag i neste uke (helst før):

Sveio kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 25.09.17, sak 73/17 følgjande:

1. **Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.**
1. **Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.**
2. **Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak**

Revisjonen kom med følgjande hovedbodskap og tilrådingar til Sveio kommune:

1. **Etablere felles retningslinjer som gjev føringar for korleis internkontroll skal utøvast i dei enkelte verksemdene og i kommunen som heilskap, og under dette:**
 1. **a) Etablere skriftlege retningslinjer som tydeliggjer ansvar for oppdatering av kommunen sine styrande dokument, rutinar og prosedyrar**
 1. **b) Etablere rutinar for leiinga sin gjennomgang og oppfølging av kommunen sin internkontroll**
 1. **c) Vurdere om det er hensiktsmessig å tydeleggjere rollar og for internkontroll gjennom å innføre leiaravtalar og rolle- eller funksjonsbeskrivingar, eller gjennom skriftleggjing av retningslinjer for delegering frå rådmann til leiarnivå under.**
2. **Etablere rutinar for å sikre at kommunen sine etiske retningslinjer blir gjort kjend for alle tilsette**
 1. **Vurdere å systematisere antikorrupsjonsarbeidet gjennom å etablere tiltak som bidreg til å setje fokus på verdiar, haldningar og kultur blant tilsette, som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø**
 1. **Vurdere korleis arbeidet med å fastsetje og operasjonalisere målbare, kvalitative mål for tenestene kan systematiserast som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø**
 1. **Sørgje for at rapportering som eit ledd i arbeidet med å utvikle eit godt kontrollmiljø skjer i samsvar med kommunen sine rapporteringsrutinar, og at internkontroll og kontrollaktivitetar i større grad går inn som ein del av den ordinære rapporteringa til kommunen**
1. **Etablere system å sikre at det blir gjennomført formaliserte og dokumenterte risikovurderingar i kommunen, og at desse blir følgt opp og brukt systematisk i kommunen sitt internkontroll- og forbetringsarbeid**
1. **Sikra at det er etablert kontrollaktivitetar ved at arbeidet med å oppdatere og gjere alle retningslinjer og rutinar tilgjengeleg i Risk Manager blir fullført, og vurdere å klargjere ansvaret for oppdatering og revidering av retningslinjer og rutinar gjennom skriftlege rutinar**
1. **Vurdere tiltak for å sikre at kommunen sitt system for å melde og følge opp avvik blir nytta systematisk i heile organisasjonen, samt at kommunen sin varslingskanal er godt kjend blant alle tilsette**

Fint om jeg får en tilbakemelding på mottatt e-post.

--

Mvh



Møteprotokoll for Kommunestyret

Særutskrift – Sak 090/18

Møtedato: 12.11.2018

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 18.00-21.18

Gruppemøte: 20.05-20.19

20.48-21.03

Før ordinært møte blei sett, blei det vist ei videohelsing frå vinnaren av Sveio kommune sitt kulturstipend for 2018, Kristian Jøsok.

Sveio Bondelag v/leiar Frode Handeland og Gjertrud Svartveit heldt deretter ein presentasjon for kommunestyret av bondelaget si verksemd, landbruket i Sveio og verksemda til samvirkelaget Tine.

Møtedeltakarar:	Parti
Arne Tveit Katla	AP
Asle Georg Halleraker	AP
Håkon Skimmeland	AP
Jorunn Skåden	AP
Kjell Gunnar Nymark	AP
Line Remøy Bertelsen	AP
Linn Therese Erve	AP
Torill Nummedal Halleraker	AP
Berit Lie	ELR
Gustav Eidsvåg	FRP
Rune Teikari	FRP
Ruth Grethe Østebøvik Eriksen	FRP
Thomas J. Brekke	FRP
Arild Frøkedal	H
John Kristian Økland	H
Lars Einar Hollund	H
Mikal Møller Hovda	H
Ingrid Pedersen Furdal	KRF
Jarle Jacobsen	KRF
Hov, Ole Ørjan	MDG
Ole-Ørjan Hov	MDG
Beathe Susanne Haugland	SP
Jofrid Valen	SP
Kjartan Eidsvåg	SP
Cecilie King Johannessen	UR
Malin Bråtveit Turøy	UR
Svein Magnar Nesse	V

Forfall meldt frå følgande medlemmer:	Parti
Astrid Karin Strand	KRF
Heidi Nilsen Ljøen	UAH

Følgande varamedlemmer møtte:	Parti
Målfrid Bjelland Nymark	AP
Olav Haugen	KRF
Frå ungdomsrådet møtte:	
Ingen	

Endring av sakslista:	
Sak 089/18 ble behandla før sak 088/18.	
Sak 098/18 er lagd til.	
Endring i tal på medlemmer til stades:	
Ingen endringar.	
Til å skriva under møteboka blei valde:	Parti
Arne Tveit Katla	AP
Linn Therese Erve	AP
Til stades frå administrasjonen:	Tittel
Jostein Førre	Rådmann
Peter Olav Lura	Økonomisjef
Bjarte Stølås Storli	Politisk sekretær
Underskrifter:	Sign.:
Jorunn Skåden	
Arne Tveit Katla	
Linn Therese Erve	
Jostein Førre	
Bjarte Stølås Storli	

090/18: FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – SAKSFØREBUING OG VEDTAKSOPPFØLGING

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering
2. Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 5 tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

12.11.2018 Kommunestyret

Framlegg frå Mikal Møller Hovda, Høgre, til nytt punkt:

Saman med tilbakemeldinga til kommunestyret skal rådmannen leggja fram ei vurdering av korleis dei viktigaste sakene på restanselista blir prioriterte med omsyn til framdrift og gjennomføring.

Røysting:

Det blei først røysta over tilrådinga frå kontrollutvalet. Resultatet blei samrøystes som tilrådd.

Deretter blei det røysta over framlegget frå Hovda. Eit samla kommunestyre gjekk inn for framlegget.

KOM - 090/18:

1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering
2. Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 5 tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.
4. Saman med tilbakemeldinga til kommunestyret skal rådmannen leggja fram ei vurdering av korleis dei viktigaste sakene på restanselista blir prioriterte med omsyn til framdrift og gjennomføring.

Bjarte Stølås Storli
Politisk sekretær



1 SVEIO KOMMUNE (2018) - År/Periode 2018 1 - 12

10.01.2019

	Regnskap 2018	Buds(end) 2018	Regnskap 2017
Ansvar: 10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Art-Gruppe: 10 Lønn			
10509 SKATTEPLIKTIG DIETT	115	0	0
10511 SK.PLIKTIG KM-GODTGJERSLE	226	0	417
10800 GODTGJERSLE FOLKEVALDE	42.627	25.764	40.290
10802 TAPT ARBEIDSFORTENESTE FOLKEVALDE	0	1.718	0
10906 PENSJON - KLP FELLESORDNING	0	4.946	0
10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	6.059	4.572	5.740
Sum art-Gruppe: 10 Lønn	49.027	37.000	46.447
Art-Gruppe: 11 Andre driftskostnader			
11500 KURSAVGIFTER, HOTELL VED KURS, OPPLÆRING - IKI	14.576	36.000	6.815
11600 KOST, OPPHALD, RESIEUTGIFTER, OPPGÅVEPLIKTIK	398	2.500	1.319
11601 KØYREGODTGJERSLE	1.876	2.500	2.736
11700 UTG TIL FLY, TOG, BUSS, PARKERING, BOM, TAXI, FEF	4.464	0	2.182
11951 KONTINGENTAR	6.000	6.000	4.300
12700 KONSULENTTJENESTER - SAKSOMKOSTNINGER	13.846	0	0
13501 INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSTILTAK	172.000	172.000	167.000
13700 DRIFTSAVTALAR MED PRIVATE/TILSKOTT TIL LÆREB	358.576	400.000	363.320
14290 MERVERDIAVGIFT UTENFOR MVA-LOVA	93.952	90.000	91.210
Sum art-Gruppe: 11 Andre driftskostnader	665.689	709.000	638.883
Art-Gruppe: 12 Inntekter			
17290 KOMPENSASJON MOMS PÅLØPT I DRIFTSREGNSKAP	-93.952	-90.000	-91.210
Sum art-Gruppe: 12 Inntekter	-93.952	-90.000	-91.210
Sum ansvar: 10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL	620.763	656.000	594.119
TOTALT	620.763	656.000	594.119

Haugaland brann og redning IKS

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtested: Diktervegen 8, Haugesund
Møtedato: 28.11.2018
Tid: 09⁰⁰ - 11⁰⁰
Saker: 18/016 - 18/021

Haugaland
 Kontrollutvalgsssekretariat IKS
 Mottatt dato: 11.01.19
 Journalført: 19/0020/etn/ogk
 Arkivkode: 217

Til stede:

Gerd Helen Bø, leder	Suldal
Siri Klokkestuen, medlem	Etne
Jarle Nilsen, medlem	Karmøy
Sigmund Lier, medlem	Tysvær
Ole Johan Vierdal, medlem	Vindafjord
Tormod Våga, medlem	Bokn
Jorunn Skåden, medlem	Sveio
May Britt Vihovde, varamedlem	Haugesund

Forfall:

Marte Eide Klovning, medlem	Utsira
Arne-Christian Mohn, nestleder	Haugesund

Andre:

Elling Hetland, styreleder
 Torleif Østrem Olsen, styremedlem
 Harald Hop, styremedlem
 Ole Martin Nordstrand, styremedlem
 Tor Petter Alfredsen, styremedlem
 Dag Botnen, daglig leder
 Siv Kristiansen, leder økonomi

Diverse merknader: Jorunn Skåden representerte Marte Eide Klovning med skriftlig fullmakt.
 Sak 18/019 ble flyttet ned til siste sak. I samme sak var Haugesund sitt representantskapsmedlem inhabil og deltok følgelig ikke i saksbehandlingen.

Underskrifter:

Stad: Haugesund
Dato: 28.11.2018

_____ Gerd Helen Bø leder	_____ Ole Johan Vierdal medlem	_____ Siri Klokkestuen medlem
_____ Sigmund Lier medlem	_____ Jarle Nilsen medlem	_____ Tormod Våga medlem
_____ Jorunn Skåden medlem	_____ May Britt Vihovde, varamedlem	

Møteprotokoll er sendt til:

- Eierkommuner
- Revisjon

SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
18/016	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
18/017	Godkjenning av protokoll	Vedtak
18/018	Budsjett med økonomi- og handlingsplan	Vedtak
18/019	Fremdrift vedr. Haugesund kommune sin utmelding	Vedtak
18/020	Endring av selskapsavtale	Orientering
18/021	Eventuelt	-

SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

18/016 Godkjenning av innkalling og saksliste

Styret sin anbefaling til vedtak

-

Saksbehandling i representantskapet 28.11.2018

Innkalling og saksliste ble godkjent.

Vedtak i representantskapet for HBR iks

Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

18/017 Godkjenning av protokoll

Styret sin anbefaling til vedtak

- Representantskapet for Haugaland brann og redning IKS godkjenner møteprotokollen som fremlagt.

Saksbehandling i representantskapet 28.11.2018

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i representantskapet for HBR iks

- Representantskapet for Haugaland brann og redning IKS godkjenner møteprotokollen som fremlagt.

18/018 Budsjett med økonomi- og handlingsplan

Brannsjefens sin anbefaling til vedtak:

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner driftsbudsjettet som fremlagt med en ramme på kr. 81 235 871,-. Fordelingsnøkkel gir følgende fordeling mellom eierkommunene:

Kommune	Prosent	Budsjett 2019 per kommune	Budsjett 2018 per kommune 2)	Endring
Bokn	1,78 %	kr 1 445 854	kr 1 554 515	+7,5 %
Karmøy 1)	52,81 %	kr 42 896 373	kr 38 635 265	+9,9 %
Suldal	6,76 %	kr 5 490 996	kr 4 708 458	+16,6 %
Sveio	6,95 %	kr 5 645 328	kr 5 025 738	+12,3 %
Tysvær	13,78 %	kr 11 193 184	kr 9 505 526	+17,7 %
Utsira	0,37 %	kr 300 543	kr 380 626	-76,8 %
Etne	6,35 %	kr 5 157 962	kr 5 163 534	0 %
Vindafjord	11,20 %	kr 9 097 508	kr 8 160 715	+11,4 %
Sum	100 %	kr 81 227 747	kr 73 134 376	+27,1 %

Det forutsettes at:

- a. Kommunene levere bedriftshelsetjeneste som i dag over for de som har sin arbeidsdag på brannstasjon i hver respektive kommune.
 - b. Kommunene har fullt ut ansvar for forvaltning, drift og vedlikehold av brannstasjonene og andre lokaliteter som benyttes av brannvesenet etter avtale.
2. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtatt at hver enkelt kommune fastsetter, innkrever og følger opp feie- og tilsynsgebyr for sin kommune. Haugaland brann og redning iks gjennomfører arbeidet på vegne av kommunene og fakturerer sin kostnad:

	Prosentvis fordeling av kr. 11 902 191,-	Kostnad per kommune	Administrasjonsgebyr og kommunen sine kostnader
Bokn	1,53 %	166 804	Fastsettes i hver enkelt kommune og legges inn i totalkostnad som gebyret skal beregnes ut fra.
Karmøy	42,74 %	4 659 596	
Suldal	10,33 %	1 126 196	
Sveio	9,85 %	1 073 866	
Tysvær	14,59 %	1 590 630	
Utsira	0,46 %	50 150	
Etne	7,04 %	767 514	
Vindafjord	13,46 %	1 467 435	
	100 %	10 902 191	

3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner handlings- og økonomiplan 2019-2022 slik den er fremlagt.

Saksbehandling i styret 22.10.2018

Saken må sees i sammenheng med sak 18-044 hvor budsjettet er behandlet første gang i styret for HBR. Som følge av de føringer som er kommet i rådmannskollegiet er det gjort endringer i budsjettet for å jobbe i retning av de signal som er gitt.

Endringer som foreslås i tekst i saken:

1. Under økonomi, tabell 2 må det skrives hvorfor denne summen ikke er en lik differansen mellom sluttsommene i tabell 1.
2. Under vurderinger, realisering av økonomisk gevinst må det legges inn tekst som illustrerer tilbud fra Suldal kommune i tillegg til det som omtales rundt Karmøy kommune sitt tilbud.

Utover dette ønsker styret at budsjettet skal fremlegges med de føringer som ligger til selskapsavtalen da dette er styringsdokumentet som er gjeldende for selskapet per i dag.

Det må tydeliggjøres hva som er en gevinst på sikt vedr. stordriftsfordeler og synergier. Dette må sees i sammenheng med sak 18/045, strategiplan.

Styret må gjennom eierne få et mandat hvis det er et ønske om å redusere beredskapen fra det nivå som foreligger i dag og som er utgangspunktet for samarbeidet, ref. rapport om felles brannvesen i Nord-Rogaland og Sunnhordland.

Styret sin anbefaling til vedtak

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner driftsbudsjettet som fremlagt med en ramme på kr. 85 908 299,-. Fordelingsnøkkel gir følgende fordeling mellom eierkommunene:

Kommune	Prosent	Budsjett 2019 per kommune	Budsjett 2018 per kommune	Endring
Bokn	1,78 %	kr 1 529 168	kr 1 554 515	-1,7 %
Karmøy	52,81 %	kr 45 368 173	kr 38 635 265	+14,8 %
Suldal	6,76 %	kr 5 807 401	kr 4 708 458	-18,9 %
Sveio	6,95 %	kr 5 970 627	kr 5 025 738	+15,8 %
Tysvær	13,78 %	kr 11 838 164	kr 9 505 526	+19,7 %
Utsira	0,37 %	kr 317 861	kr 380 626	-19,7 %
Etne	6,35 %	kr 5 455 177	kr 5 163 534	+5,3 %
Vindafjord	11,20 %	kr 9 621 729	kr 8 160 715	+15,2 %
Sum	100 %	kr 85 908 299	kr 73 134 376	+14,9 %

Det forutsettes at innbetaling av tilskudd for hver eier skal skje med ¾ per 5.1.2019 og ¼ per 1.7.2019.

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtatt at hver enkelt kommune fastsetter, innkrever og følger opp feie- og tilsynsgebyr for sin kommune. Haugaland brann og redning iks gjennomfører arbeidet på vegne av kommunene og fakturerer sin kostnad:

	Prosentvis fordeling av kr. 10 902 191,-	Kostnad per kommune	Administrasjonsgebyr og kommunen sine kostnader
Bokn	1,53 %	166 804	Fastsettes i hver enkelt kommune og legges inn i totaltekst som gebyret skal beregnes ut fra.
Karmøy	42,74 %	4 659 596	
Suldal	10,33 %	1 126 196	
Sveio	9,85 %	1 073 866	
Tysvær	14,59 %	1 590 630	
Utsira	0,46 %	50 150	
Etne	7,04 %	767 514	
Vindafjord	13,46 %	1 467 435	
	100 %	10 902 191	

- Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks godkjenner handlings- og økonomiplan 2019-2022 slik den er fremlagt.

Saksbehandling i styret 14.11.2018

Det er utarbeidet et budsjettdokument der dokumenteres god kontroll på kostnader og inntekter for Haugaland brann og redning iks for 2019. Det er utfordrende å møte forventninger til ytterligere reduksjon i budsjettet enn det som styret har vedtatt i behandling av budsjettet 18/044-2. Ytterligere reduksjoner må eventuelt skje ved redusert beredskap i form av stasjoner, vakter og/eller faste stillinger. Det forutsettes at dette ikke er ønskelig første driftsår og styret opprettholder budsjettet slik det er fremlagt for å kunne videreføre det forebyggende- og beredskapsnivå som selskapet er dimensjonert for.

Det har ikke vært forutsetninger for etablering av et felles brannvesen at det skal hentes ut stordriftsfordeler første budsjettår, selv om dette skrives i framlegg til budsjett i kommunene. I forarbeidet til selskapet er det i prosjektrapporten sagt at det forventes at et felles brannvesen skal være økonomisk lønnsomt på sikt, ref. kap 6.2.3. Videre sies det i eierstrategien punkt 2.1:

Det interkommunale samarbeidet skal ha ei kostnadseffektiv drift og gi økonomisk gevinst på sikt, gjennom bl.a. stordriftsfordelar knytta til støtte-/fellesfunksjonar og moglegheit for effektive løysingar i samsvar med forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen.

Det er ikke praktisk mulig å hente ut slik effektivisering på kort sikt ved en virksomhetsoverdragelse ettersom ny arbeidsgiver overtar alle pliktene til forrige arbeidsgiver. Effektivisering skal beskrives i økonomi- og handlingsplan og denne må revideres i løpet av 1. halvår 2019 i takt med de endringer og forutsetninger som selskapet til enhver tid må forholde seg til. Besparelse ligger like mye til reduksjon av nye kostnader/plikter som til reduksjon av eksisterende ramme.

Ved behandling av budsjett i representantskapet må være en tydelig avklaring på om forebyggende- og beredskapsnivå skal reduseres.

Styret sin anbefaling til vedtak

Styret sin anbefaling til vedtak gjort i styremøte 22.10.2018 endres ikke med unntak av punkt 3:

3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber om at det legges frem en revidert handlings- og økonomiplan 2019-2022 innen 1. halvår 2019.

Saksbehandling i representantskapet 28.11.2018

Budsjettet ble vedtatt som fremlagt.

Saken må sees i sammenheng med sak 18/019.

Videre er det en forventning om en enda tettere dialog med administrasjonen i hver enkelt kommune for kommende budsjettprosess.

Vedtak i representantskapet for HBR iks

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner driftsbudsjettet som fremlagt med en ramme på kr. 85 908 299,-. Fordelingsnøkkel gir følgende fordeling mellom eierkommunene:

Kommune	Prosent	Budsjett 2019 per kommune	Budsjett 2018 per kommune	Endring
Bokn	1,78 %	kr 1 529 168	kr 1 554 515	-1,7 %
Karmøy	52,81 %	kr 45 368 173	kr 38 635 265	+14,8 %
Suldal	6,76 %	kr 5 807 401	kr 4 708 458	-18,9 %
Sveio	6,95 %	kr 5 970 627	kr 5 025 738	+15,8 %
Tysvær	13,78 %	kr 11 838 164	kr 9 505 526	+19,7 %
Utsira	0,37 %	kr 317 861	kr 380 626	-19,7 %
Etne	6,35 %	kr 5 455 177	kr 5 163 534	+5,3 %
Vindafjord	11,20 %	kr 9 621 729	kr 8 160 715	+15,2 %
Sum	100 %	kr 85 908 299	kr 73 134 376	+14,9 %

Det forutsettes at innbetaling av tilskudd for hver eier skal skje med ¼ per 5.1.2019 og ¼ per 1.7.2019.

2. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtatt at hver enkelt kommune fastsetter, innkrever og følger opp feie- og tilsynsgebyr for sin kommune. Haugaland brann og redning iks gjennomfører arbeidet på vegne av kommunene og fakturerer sin kostnad:

	Prosentvis fordeling av kr. 10 902 191,-	Kostnad per kommune	Administrasjonsgebyr og kommunen sine kostnader
Bokn	1,53 %	166 804	Fastsettes i hver enkelt kommune og legges inn i totalkostnad som gebyret skal beregnes ut fra.
Karmøy	42,74 %	4 659 596	
Suldal	10,33 %	1 126 196	
Sveio	9,85 %	1 073 866	
Tysvær	14,59 %	1 590 630	
Utsira	0,46 %	50 150	
Etne	7,04 %	767 514	
Vindafjord	13,46 %	1 467 435	
	100 %	10 902 191	

3. Representantskapet for Haugaland brann- og redning iks ber om at det legges frem en revidert handlings- og økonomiplan 2019-2022 innen 1. halvår 2019.

Anbefaling til vedtak

-

Saksbehandling i styret 14.11.2018

Forhandlingsprosess er drøftet i eierskapsmøte 7. november 2018. Styret har innhentet ytterligere informasjon fra Deloitte advokatfirma as for å kvalitetssikre de vurderinger som er gjort rundt plikter og rettigheter partene har i saken.

Videre fremdrift skjer ved at styret for Haugaland brann og redning iks legger frem et oppsett for rettigheter og plikter i tråd med utredningen til Deloitte advokatfirma as med utgangspunkt i:

1. utmeldingsfrist.
2. utmeldingssum.
